



# Vedtekter for Bø Turlag

## 1. Mål

Formålet med laget er å utvikle turlivet i Bø - særleg å leggje til rette for og fremje friluftslivet og betre kjennskapen til distriktet.

## 2. Arbeidsoppgåver

Laget skal primært arbeide med å:

- rydde og merke stigar og løyper, byggje bruer og klopper.
- fremje interessa for friluftsliv ved opplysning, tur- og løypeomtaler, og arrangere turar, møte, kurs og tilstellingar.
- samarbeide med andre organisasjonar og institusjonar - offentlege eller frivillige - for å nå formålet med laget.
- argumentere for interessene til friluftslivet i relevante politiske saker.

## 3. Medlemmer

Bø Turlag er opent for alle enkeltpersonar, bedrifter og organisasjonar. Medlemmar som ikkje har betalt kontingent på 2 år, blir rekna som utmelde av laget.

## 4. Årsmøte

Årsmøte er det øvste organet i laget. Årsmøtet er opent for alle medlemmar, og kvar medlem har ei stemme. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av mars månad. Ekstraordinært årsmøte skal det innkallast til av leiaren når eit fleirtal i styret eller ¼ av medlemmene krev det. Innkalling skal skje med minst 14 dagars varsel. Styret avgjer innkallingsmåten. Med innkallinga skal det følgje sakliste. Det skal førast møtebok, som blir underteikna av skrivar og to valde av årsmøtet.

## 5. Årsmøtesaker

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, skrivar og to til å underteikne møteboka
3. Godkjenning av årsmelding
4. Godkjenning av rekneskap
5. Fastsetting av kontingent
6. Val av leiar for styret
7. Val av styremedlemmar og varamedlemmar
8. Val av revisor
9. Val av representantar i Bø Løypelag
10. Val av Turknappnemd
11. Val av valnemnd
12. Orientering og drøfting av arbeidsoppgåver framover
13. Andre saker / innkomne forslag

## 6. Styret

Styret skal leie verksemda i laget gjennom året i samsvar med vedtekter, utarbeide årsprogram og det som elles blir bestemt på årsmøtet. Styret skal ha leiar og 4 medlemmar. Leiaren blir vald av årsmøtet for 1 år om gongen. Dei andre medlemmene i styret blir valde av årsmøtet for 2 år om gongen, evt. for 1 år i spesielle tilfelle. Kvart år er 2 medlemmar i styret på val. Styret konstituerer seg sjølv, og vel nestleiar, sekretær og kasserar blant styrets medlemer.

Det skal vere 4 varamedlemmar i nummerert rekkefølge. Kvart år er 2 varamedlemmar på val.

Valet av leiar, styremedlemmar eller varamedlemmar skal vere skriftleg når det er fleire kandidatar enn verv.

Styret skal kallast inn så ofte leiaren finn det nødvendig, eller når 2 av styremedlemmene krev det. Styret er vedtaksført når 3 medlemmar er til stades, mellom dei leiar eller nestleiar. Står stemmene likt, har leiaren dobbeltstemme. Når ein styremedlem har forfall, skal denne varsle så varamedlem kan bli innkalla. Når det trengst, kan også varamedlemmane bli innkalla.

Styret vel sjølv personar som organiserer arbeidet i tuområda.

## 7 Revisor

Revisor blir vald av årsmøtet for 1 år om gongen.

## 8. Representantar i Bø Løypelag

Bø Turlag vel 2 personar i styret til Bø Løypelag. Dei og blir valte for to år. Kvart år er 1 medlem på val. Dei representerer interessene til Bø Turlag i Bø Løypelag.

## 9. Turknappnemd

Turknappnemda har ansvar for å organisere Turknappen. Turknappnemda består av 4 personar. Dei blir valte for to år. Kvart år er 2 medlemmar på val.

## 10. Valnemnd

Valnemnd skal ha 3 medlemmar. Valet gjeld for 3 år av gongen, men slik at 1 av medlemmene, den lengstsitjande, trer ut kvart år. Leiar er den som er på val same år. Styret legg fram forslag til medlemmar.

## 11. Vedtektsending

Vedtektsending kan berre skje på årsmøtet. Det må gå fram av innkallinga at det ligg føre framlegg til vedtektsending. Vedtak skjer med simpelt fleirtal.

## 12. Oppløysing av laget

Oppløysing kan skje etter at framlegg om oppløysing blir vedtatt med 2/3 fleirtal på to vanlege årsmøte som kjem etter kvarandre. Det siste årsmøtet avgjer kva verdiane i laget skal nyttast til.